



Dialogmøte om utviklingsplan HMR 7. april 2017 – Skisse for arbeidsprosess

For å sikre ein gjensidig og heilskapleg planprosess, vert det stilt klare forventningar til medverknad i utviklingsplanarbeidet. Brukarmedverknad og medverknad frå tillitsvalte er sjølvstendig og arbeidet skal skje i nær dialog med kommunane. Dette er i tråd med vedtatt Samhandlingsavtale (2015:punkt 5). Partane skal «...informere og involvere den andre parten i planprosesser og annet arbeid som har betydning for utforminga av helsetenester for den annen part, blant annet organisering og endring av rutiner».

Det er skissert opp følgjande prosess for medverknad av kommunane knytt til utviklingsplanarbeidet;

- Ekstraordinære dialogmøter i 2017 – 7. april, 20. juni* og 30.oktober (*tentativ)
- Etablering av partssamansette arbeidsgrupper for aktuelle innsatsområde
- Offentleg høyring
- Orientering i møter i Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal

Dialogmøter

Det er lagt opp til tre dialogmøter i løpet av 2017;

Dialogmøte 1: Formål - peike ut og forankre dei viktige utviklingsområda som spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta i fellesskap bør prioritere for planperioden 2019-2022.

Dialogmøte 2: Formål – Orientering om arbeidsgruppene sitt arbeid – avklare viktige føresetnader for avgjerdsgrunnlaget til dei ulike utviklingsområda.

Dialogmøte 3: Formål - Presentere og forankre utviklingsplanen – avklare vidare arbeidsprosess for å konkretisere arbeidet med mål om handling.

Partssamansette arbeidsgrupper

Involvering av fagmiljø på tvers av nivå og medverknad frå brukarar og tillitsvalte, kan sikre eit representativt utval for aktuelle utviklingsområde og skape legitimitet i avgjerdsgrunnlaget. Det er derfor lagt opp til ein arbeidsprosess med partssamansette arbeidsgrupper for kvart utviklingsområde. Arbeidsgruppene skal som ledd i utgreiingsarbeidet, nytte framskrivingsdata som er etablerte gjennom samarbeid mellom helseregionen og Sykehusbygg. Vidare gjennom dialog med tilsette og leiarar innad organisasjonane. Utkast kan med fordel høyrast via Lokale samhandlingsutval og samhandlingsgruppene i regionråda. Ved vesentlege endringar skal ein gjennomføre ein ROS- eller konsekvensanalyse.

Oppnemning av arbeidsgrupper skjer formelt der HMR oppnemner sine, KS/regionråda dei kommunale, Brukarutval, AMU og LO oppnemner sine.

Høyring

Det vert lagt opp til ei formell høyring på 6 veker hausten 2017.

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal vert halde orientert om planarbeidet i komande møter i 2017, jamfør vedtak Sak 2016/36.